



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utvalg:	Breheimen nasjonalparkstyre
Møtested:	Sota sæter
Dato:	20.06.2025
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 19/25	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 20/25	Mørkridsdalen landskapsvernområde - Oppsetjing av nettinggjerde på slåttemark på Dulsete		2025/5805
ST 21/25	Breheimen NP - 2025 - dispensasjon - reparasjon av skader på Bordvassvegen etter uværet Hans - Lomseggen Sameige v/ Vidar Bø		2025/5085
ST 22/25	Breheimen NP - vedtak om retting av bru ved Trulsbu og førehandsvarsel om tvangsmulkt - DNT Oslo og Omegn		2023/15640
ST 23/25	Delegerte vedtak		
DS 24/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Mørkridsdalen LVO - helikopter - reparasjonsarbeid - Råsane - Per-Arvid Hauge		2025/4072
ST 24/25	Eventuelt		

ST 19/25 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2025/5805-5

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 16.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	20/25	20.06.2025

Mørkridsdalen landskapsvernområde - Oppsetjing av nettinggjerde på slåttemark på Dulsete

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 20. juni 2025 vedtatt å setje opp nettinggjerde på innsida av steingjerdet på Dulsete. Løyvet er gjeve med heimel i § 6 i verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde, og § 47 i naturmangfaldslova.

- Det skal kun setjast opp nettinggjerde kor steingjerdet ikkje er funksjonelt.
- Det skal setjast opp grinder i alle dei opprinnlege opningane i steingjerdet, og behov for fleire grinder til t.d. fjerning av slåtteeavfall og tilgang til utedo skal avklarast med forvaltar.
- Grindane skal setjast opp og lukkast før beiteslepp, og stå opne etter at slåtten er gjennomført.
- Nasjonalparkstyret har vedlikehaldsansvar for nettinggjerdet.
- Nasjonalparkstyret ber forvaltar om å kartlegge og innhenta opplysningar om steingjerdet frå dei ulike grunneigarane på Dulsete.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysningar

På Dulsete ligg den nest største slåttemarka i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Delar av slåttemarka har vore rydda og slått sidan 2012. Med bakgrunn i dyrevelferd og kapasitet til tilsyn av elgjerde så er det ynskjeleg å skifte ut elgjerdet med fast nettinggjerde kor steingjerdet ikkje tener opprinnleg funksjon.

Steingjerdet på Dulsete omkransar den gamle slåttemarka tilhøyrande gbnr. 26/1, 26/2, 26/4-5 og 26/6, og sameige mellom 26/2, 26/4-6 og 26/6.




Forvaltar har avtalt slått på tradisjonelt tidspunkt med eigar av 26/1, 26/2 og 26/4-5. Det er ikkje avtalt slått av arealet til 26/6. Alle grunneigarane har fokus på dyrevelferd og ynskjer fornuftige og praktiske løysingar.

Forvaltar har vore i kontakt med eigar av 26/1 om oppsetjing av nettinggjerde, og eigar er positiv til det, men ynskjer ikkje at det skal setjast opp meir enn det er strengt tatt behov for. Eigar har ytra ynskje om at nasjonalparkstyret bidreg til å restaurera steingjerdet, slik at ein kan gå bort frå nettinggjerde.

Forvaltar har vore i kontakt med eigar av 26/2 og 26/4-5 om oppsetting av nettinggjerde, og eigar er positiv til det, og ynskjer at gjerdet vert halde godt halde godt vedlike med tanke på dyrevelferd. Eigar har ytra ynskje om at nasjonalparkstyret bidreg til å restaurera steingjerdet, slik at ein kan gå bort frå nettinggjerde.

Forvaltar har vore i kontakt med eigar av 26/6 om oppsetting av nettinggjerde, og eigar er positiv til det, og ynskjer best mogleg dyrevelferd. Eigar ynskjer heiltrukking langs steingjerdet. Eigar har ytra ynskje om at nasjonalparkstyret ser på den restaurering av steingjerdet, som er gjennomført, på nytt. Eigar er av den oppfatning at prosessen rundt oppsetjing av nettinggjerde burde ha vore ein skriftleg plan, og ikkje gjennom muntleg kontakt.

Det er sameige mellom 26/2 og 26/6, samt 26/2-6 som ut frå kartgrunnlaget i matrikkelen går delvis innanfor slåttemarka innanfor steingjerdet. Forvaltar var i kontakt med begge eigarane måndag 2 juni om det var greitt å setje opp gjerde på grunn til sameigene, noko begge eigarane var positive til. Eigarane var opptekne av dyrevelferd og hadde fokus på korleis unngå feller for dyr.



Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Vigdalen landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62. I medhald av styresak 7/2024 har Breheimen nasjonalparkstyre gjort vedtak om å delegerer behandling av enkelte saker til nasjonalparkforvaltaren. Dette er gjort med heimel i nasjonalparkstyrets vedtekter.

Verneformål – forskrift

§ 2.Føremål

Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med landskapsvernområdet å:

- ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarker
- ta vare på geologiske førekomstar og breforma landskap som U-dalar, breane sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomstar
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur, særleg knytt til Mørkridsdalselvi
- ta vare på edellauvskogen med særmerkte, store og/eller gamle dekorative levande og daude tre, førekomstar av gamal furuskog og rasmarker som pregar landskapet.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

«§ 6. Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet.»

Forvaltningsplan

«Forvaltingsmål

Det er eit mål å ta vare på natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, jf. verneføremålet i § 2 i verneforskriftene for landskapsvernområda. Det er under dette eit mål å ta vare på verdifulle seter- /stølsmiljø i desse områda, med fokus på å halde landskapet på og rundt seter-/stølsområda ope. Vegetasjon som utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart skal takast vare på, t.d. gamal haustingsskog i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Det eit mål å ta vare på biologisk mangfald som pregar landskapet, medrekna støls-/setervollar, slåttemark og naturbeitemark. Mål for skjøtselskrevjande vegetasjon i landskapsvernområda Skogsmiljø og overgangane mot ulike opne, meir eller mindre kulturpåverka beitemarker, evt. enger og hagemark i landskapsvernområda krev differensiert forvaltning.

Generelt er det ønskjeleg å auke beitetrykket.

Tradisjonell drift som slått og beite er ønskjeleg.»

Under retningslinjer for forvaltning og bruk står det

«Stølsmiljøa i landskapsvernområda femner om kulturminne som utgjer vesentlege delar av landskapet sin eigenart. Dette inkluderer t.d. støls-/setergrendene, slåtteenger, slåttemyrar, lauvingstre, utløer, seterbuer/sel, fjøs, løer, tufter, støls-/setervoll og ulike typar gjerde og kveer. I tillegg kjem gamle husmannsplassar, samt stiar og vegfar, støls-/ setervegar, skogsvegar, kløvstiar og driftevegar, og klopper og bruer som har gjort bruken av desse områda mogleg.»

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1 (formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

«§ 47.(skjøtsel av verneområder)

I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.

Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf.

Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig varsles på forhånd.

Økonomiske fordeler ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren.

Beslutninger om å iverksette skjøtselstiltak etter første og andre ledd er ikke enkeltvedtak

Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt.»

Vurdering

Sidan 2016 har ein brukt elgjerde for å hindra at beitedyr kjem inn på slåttemarka på Dulsete.

På nettsida til mattilsynet kjem det fram at eletrisk nettinggjerde med tynne plast- eller glassfiberstolpar skal vera tilkopla straum og krev dagleg tilsyn. På Dulsete har ein brukt elgjerde av tråd, og ikkje hatt dagleg tilsyn. Med bakgrunn i tilsynsmoglegheiter og dyrevelferd med eit el-gjerde på ein støl, er forvaltar av den oppfatning at ein bør gå over til nettinggjerde. Elgjerde krev ei viss mengde tilsyn, og står i ei avgrensa tidsperiode frå juni til august. Ved ei utskifting til nettinggjerde vil nettinggjerdet stå heile året og krevja meir tilsyn året rundt, men tilsynsbehovet vil likevel vera mindre enn ved bruk av el-gjerde. Det er viktig at nettinggjerdet vert vedlikehalde godt, både med tanke på dyrevelferd og opplevinga av området, jf. Naturmangfaldslova § 8-12.

I verneforskrifta for Mørkridsdalen står stølsvollar og kulturminne som ein del av føremålet. I forvaltningsplan er stølsbygningar og stølsvollar løfta fram som dei mest markerte elementa i kulturlandskapet. I forvaltningsplan er skjøtsel i den form av vidareføring av tradisjonell drift ved slått og vedlikehald av gamle bygningar steingjerde nemnt som eit forvaltningstiltak.

Verdien av slåttemarka på Dulsete er løfta fram i skjøtelsplan for Mørkridsdalen LVO, utarbeida i 2015/16. Naturverdien av slåttemarka har auka frå C-verdi (lokalt viktig) til B-verdi (viktig) i perioden 2012-2015. Slåttemark er ein også naturtype som er vurdert til kristisk trua i Noreg og har sidan 2009 hatt ein eigen nasjonal handlingsplan. Kunnskapsgrunnlaget for utføring av skjøtsel av slåttemarka er god, og ved å halda mengde nettinggjerde på eit minimum så vil ein påverka området så lite som råd jf. § 8-10 i naturmangfaldslova.

Alle grunneigarane er positive til at el-gjerde vert skifta ut med nettinggjerde, og forvaltar set pris på at ein har kome til einigheit om plassering av nettinggjerdet. Sidan nettinggjerde vert sett opp ved skjøtsel er det nasjonalparkstyret som står som vedlikhaldsansvarleg og vil bære kostnadane jf. Naturmangfaldslova § 11.

I skjøtelsplan for Mørkridsdalen LVO er det poengtert at det er viktig at ein får slått heilt inntil steingjerdet for å bidra til mikroklima ved steingjerdet. Forvaltar vil anbefala at det ikkje vert sett opp meir enn naudsynt med nettinggjerde, og kun der steingjerdet ikkje er funksjonelt.

I det gamle steingjerdet er det opningar frå historisk tid, forvaltar tilrår at det vert sett i grinder i desse opningane. Det er også ytra behov for grinder til å få ut graset etter slått og til/frå utedo. Forvaltar tilrår at plassering av grinder skal skje i dialog med grunneigarane og brukarane i området. Forvaltar tilrår at alle grinder skal opnast etter slått.

I dialogen med grunneigarane har det kome fram ynskje om å sjå på steingjerde rundt slåttemarka på Dulsete. Forvaltar er av den oppfating at dersom nasjonalparkstyret kan bidra til kartlegging av ynskjelege tiltak og behov av steingjerdet bør ein gjennomføre det.

Nasjonalparkstyret kan bidra til at nettinggjerdet ein gong vert overflødig som igjen vil vera positivt for verneformålet for Mørkridsdalen landskapsvernområde.



Arkivsaksnummer: 2025/5085-4

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 13.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	21/25	20.06.2025

Breheimen NP - 2025 - dispensasjon - reparasjon av skader på Bordvassvegen etter uveret Hans - Lomseggen Sameige v/ Vidar Bø

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 20. juni 2025 gjeve Lomseggen Sameige v/ Vidar Bø løyve til å restaurere delar av Bordvassvegen i Breheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeve med heimel i § 3 pkt. 1.3 bokstav b i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark.

Løyvet er gjeve med følgande vilkår:

- Det skal gjennomførast ei synfaring før arbeidet med utbetringane av vassvegen startar. Her skal bl.a. nasjonalparkforvaltar og Statens naturoppsyn Breheimen delta.
- På synfaringa skal omfanget av utbetringane planleggjast i detalj. Her skal det beskrivast kva som skal gjerast med tanke på støyping av renne/mur, forblending av betong, pynting av området, osv. Dette skal munne ut i eit skriftleg arbeidsnotat som skal godkjennast av styreleiar i Breheimen nasjonalparkstyre, og notatet blir ein del av vilkåra i saka.
- Alt av arbeid på vassvegen skal gjerast på ein slik måte at det ikkje endrar det historisk visuelle inntrykket ved anlegget. Det blir elles vist til retningslinjene for tiltak på vassvegen på side 3-4 i denne saka.
- Det må søkjast om løyve til motorferdsel når ein har ein plan for omfanget av dette.

Vi gjer oppmerksam på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Uttale frå Innlandet fylkeskommune. Motteke 06.05.2025.
- Førebels takstrapport oversendt til nasjonalparkstyret. Motteke den 28.02.2025.

Saksopplysningar

Lomseggen Sameige v/ Vidar Bø søker om å få reparere to delar av Bordvassvegen som vart utsett for ras i samband med uveret «Hans» i 2023. Reparasjonane det blir søkt om er stort sett i tråd med vedlagt takstrapport frå 2024. På grunn av mykje snø i området der raset har gått har det ikkje vore anledning til å sjå på detaljane i taksrapporten i år. Dette er tenkt gjort på ei synfaring i slutten av juni 2025 der bl.a. nasjonalparkforvaltar og Statens naturoppsyn Breheimen deltek. Nasjonalparkforvaltar ber om at vedlagt takstrapport blir lese før styremøtet.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I § 3 pkt. 1.1 i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark står det følgjande om *Vern mot inngrep i landskapet*:

Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretingar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, opplag av båtar, gjerde og anlegg, vegbygging, bergverksdrift,

vassdragsregulering, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral og fossil og fjerning av større stein og blokker, fjerning og øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, drenering og anna form for tørrlegging, rissing og måling, festing av boltar, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende.

I § 3 pkt. 1.2 bokstav c i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark står det at reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- *vedlikehald av eksisterande vatningsanlegg i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan, jf. § 5.*

I § 3 pkt. 1.3 bokstav b i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark står det at forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til:

- *gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.*

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Breheimen står det følgande forvaltningsmål om vassvegane:

- *Det er eit mål å ta vare på og overvake tilstanden til vassvegane slik at dei kan stå fram som mest mogleg autentiske objekt i naturlandskapet.*

Følgande retningslinjer er lista opp i forvaltningsplanen:

Vedlikehald av vatningsanlegg er tillate i Breheimen nasjonalpark og Høydalen landskapsvernområde, og kan skje i tråd med retningslinjene som følgjer nedanfor.

Med vedlikehald meiner ein i denne samanhengen m.a. reinsking av dammar og vassvegar, skifte av treverk i vassvegar og trotak, skifte av luker. Ein kan som unntak nytte nyare material som plast, aluminium, impregnert treverk, men i regelen på ein måte som ikkje endrar det historisk visuelle inntrykket ved anlegget. Skifte til plastrøyr og slanger vil i regelen berre tillatast når dei vert lagt under bakken, og på ein slik måte at det ikkje endrar det historiske inntrykket.

Bruk av nye materialar må avklarast med kulturminnestyresmaktene.

Ved vedlikehald av vassvegane skal ein syte for at spora etter vedlikehaldet blir minst mogleg synlege, dvs. jordhaugar skal planerast, avfall fraktast ut osv.

Ut over dette er det ikkje lov å oppgradere vatningsanlegga innanfor verneområdet.

Etter søknad kan det gjevast løyve til molding av vatningsanlegga i nasjonalparken og Høydalen landskapsvernområde. Det er ikkje registrert vatningsanlegg innanfor Strynefjellet-, Mørkridsdalen- eller Vigdalen landskapsvernområde eller i Høyrokampen naturreservat.

Moldingsmaterialet skal vere jord eller finkorna sand.


Etter søknad kan det gjevast løyve til utplassering av reiskapskassar i samband med vedlikehald av vatningsanlegg i nasjonalparken og i Høydalen landskapsvernområde. Ved løyve bør det setjast vilkår om storleik på kassane, og at kassane skal dekkast til slik at dei vert minst mogleg synlege i landskapet. Kassane skal ikkje beisast i sterk farge, dei skal primært vere ubehandla eller grå.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

I Breheimen finst det fleire vassveggar innanfor nasjonalparken. I tilknytning til vassvegane finst dammar, delingskasser, luker, trotak og passar. Vassvegane er også særigne kulturminne som skal takast vare på. Dei dekker eit viktig bruksføremål, dei er ein viktig del av kulturarven og identiteten i fjellbygdene.



*Kartutsnittet ovanfor viser registrerte vassveggar i Breheimen.
Raud ring viser område der Bordvassvegen er skada.*



Bilete viser dei to vassvegane som er skada i raset. Bilete er henta frå takstrapporten.



Nordre Bordvassvegen. Bilete er henta frå takstrapporten.

I taksrapporten er det beskrevet følgende:

Vatningskulturen i området har lange tradisjoner og utviklet seg gjennom mange hundre år. Det har i alle tider vært lagt ned stor arbeidsinnsats for å demme opp og skaffe vatningsvatn fra fjellet. Vatningsdammar i fjellet er naturlege tjørner og kunstige teppingar som vert ført ned etter vassvegar, utgravne veiter og trolag ned til gardane i dalen.

Bordvassvegen er ein slik vassveg som er tatt av raset i ei høgde på ca. 1100 m.o.h. på 2 ulike stader. Bordvassvegen består av 2 ulike vassvegar Nordre og Søre.

Vassrettane til Bordvassvegen er nøye regulert og er svært viktig for gardane. Til Bordvassvegen er det totalt 18 ulike gardar som har vassrettar til Søre og Nordre Bordvassvegen.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det meste av arbeidet i samband med utbetringa av dei to delane av Bordvassvegen kan gjerast utan løyve med heimel i § 3 pkt. 1.2 bokstav c i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark. Dei delane av arbeidet som går utanfor heimelen til å gjennomføre ordinært vedlikehald av vassvegen er:

1. behovet for motorferdsel med helikopter og gravemaskin
2. støyping av vassrenner/mur i betong, ca. 50 meter på både plassane

Med bakgrunn i at det er lagt opp til bruk av ein del betong i reparasjonsarbeidet med vassvegen, vart takstrapporten/søknaden sendt over til Innlandet fylkeskommune for uttale. Avdeling for arkeologi i Innlandet fylkeskommune kom med denne uttala:

Jeg viser til deres brev til oss den 30.04.2025 i saken. Saken gjelder en utbedring av Bordvassvegen i Lom kommune, som fikk store skader etter uværet «Hans». Ut fra taksering og bilder er det klart at man ikke kommer utenom bruk av betong for å utbedre vassvegen. På store strekninger har ras tatt med seg alt av overskuddsmasse, og vassvegen går i teorien over renskurt berg.

Vi anser det som viktigere at vassvegen blir vedlikeholdt og brukt, enn at man på strekninger er nødt til å ta i bruk moderne materialer for å sette den i stand. Vi har ingen andre merknader til saken.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. Nasjonalparkforvaltar kan ikkje sjå at det er verneverdiar som blir skadelidande ved gjennomføring av tiltaket. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille villkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit løyve (§ 8).

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er nødvendig å gjere tiltak på vassvegen for å få han drift at. Det er viktig at arbeid med restaureringa blir gjort på ein slik måte at vassvegen behold eit så naturleg preg som mogleg. Bruk av betong i eit slik område vil opplevast som eit

framandelement i nasjonalparken. I dette tilfellet ser ein ikkje andre moglegheiter enn bruk av betong som kan fungere godt nok til dette formålet. Kombinasjonen av blankskura berg, bratt fjellside og vatten/snø i bevegelse tilseier at her må det vere noko som toler store påkjenningar. Støypt betongmur blir derfor sett på som den einaste løysninga som vil fungere her over tid. For å dempe inntrykket av betongen kan gjerast tiltak for å skjerme betongen med lokale lausmassar og naturstein. Dette må ein sjå på under synfaringa på staden. Det er også ein fordel om så mykje av arbeidet kan gjerast på «gamlemåten» ved bruk av handemakt. Da oppnår ein eit meir naturleg preg på vassvegen.

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er nødvendig å ta i bruk *føre-var-prinsippet* (§ 9) i saka. Det er viktig at vassvegane blir vedlikehalde slik at dei fungerer godt. Samtidig vil ei synfaring med planlegging av tiltaket gje godt grunnlag for at det blir etablert gode retningslinjer for arbeidet, slik at både omsynet til verneverdiane og bruken av vassvegane blir ivareteke. Forvaltar kan såleis ikkje sjå at verneverdiane eller verneformålet blir nemneverdig påverka i denne samanhengen. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer nasjonalparkforvaltar at det er forsvarleg å tillate restaureringa som omsøkt med dei vilkåra som ligg til grunn. Den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag dersom vilkåra i saken blir følgt (§10).

Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar sikrast dette gjennom vilkåra som er stilt i saken (§§ 11-12).

Ut ifrå ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at tiltaket kan gjennomførast med dei vilkåra som ligg i løyvet.

NATURSKADE BORDVASSVEGEN, LOM KOMMUNE

Vedlegg til naturskadetakst hjå Lomseggen Sameige. Org.nr. 922 760 500

v/ Vidar Bø, Solsidevegen 521, 2686 Lom

Skadestad: Kvamme, Solsidevegen, 2686 Lom.

Kommune: 3434 Lom Gnr.180 Bnr.1.

Saksnr. 104877

Skadedato: 08.08.2023



Rasområde

Takstfirma:	Markane Taksering & Hytter AS	v/ Jostein Vonheim
Adresse:	Stampevegen 11, 6783 Stryn	
Tlf;	900 24 850	
E-post;	sfbstryn@online.no / jostein@skarstein-walaker.no	

Naturskadetakst er rekvirert av Landbruksdirektoratet ved sakshandsamar Bjørnar Ansnes.

Bordvassvegen ligg på nordsida av dalføret mot Bøverdalen. Rasområde ligg i Lomseggen Sameige.

Lom er eit område med lite nedbør, Lom har ca. 321 mm i årsnormal, men med store lokale forskjellar. Dei høge fjella i vest stengjer for mykje av nedbøren som fører til tørre somrar og kalde vintrar.

Vatningskulturen i området har lange tradisjonar og utvikla seg gjennom mange hundre år. Det har i alle tider vore lagt ned stor arbeidsinnsats for å demme opp og skaffe vatningsvatn frå fjellet. Vatningsdammar i fjellet er naturlege tjørner og kunstige teppingar som vert ført ned etter vassvegar, utgravne veiter og trolag ned til gardane i dalen.

Bordvassvegen er ein slik vassveg som er tatt av raset i ei høgde på ca. 1100 m.o.h. på 2 ulike stader. Bordvassvegen består av 2 ulike vassvegar Nordre og Søre.

Vassrettane til Bordvassvegen er nøye regulert og er svært viktig for gardane. Til Bordvassvegen er det totalt 18 ulike gardar som har vassrettar til Søre og Nordre Bordvassvegen.

Arealet som vert vatna frå Bordvassvegen er etter opplysningar frå søkjar:

Fulldyrka jord: 1035,5 da.

Overflatedyra jord: 4,8 da.

Innmarksbeite: 476,2 da.

Totalt jordbruksareal for begge vassvegane 1516,5 da.

Skadeomfanget omfattar:

- Vassvegen lengst nord: 120 m
- Vassvegen lengst sør: 100 m


Synfaring den 10.08. 2024. Med på synfaring var takstingeniør Jostein Vonheim. Samtale med Vidar Bø før og etter synfaring.

Store nedbørsmengder er årsaka til at skredet vart utløyst høgt oppe i fjellsida. Det er anslått at skredet har starta ca. 1200 - 1300 m.o.h. og tatt med seg jord og steinmassar på veg nedover fjellsida. Raset har tatt med seg vassvegane på 2 plassar. Vantet som skal ledast ned til gardane renn no rett ned og følgjer raset sørover.

Nedbørsmengder er målt til 36,3 mm den 08.08.2023 på målestasjonen som ligg nærast skadestaden.


Navn	Stasjon	Tid(norsk normaltid)	Nedbør (døgn)
Skjåk li	SN15480	06.08.2023	0,3
Skjåk li	SN15480	07.08.2023	2
Skjåk li	SN15480	08.08.2023	36,3
Skjåk li	SN15480	09.08.2023	42
Skjåk li	SN15480	10.08.2023	9,2

Data er gyldig per 12.02.2024 (CC BY 4.0), Meteorologisk institutt (MET)



Markert skada område med raude farge.

Markert skada område med raude farge.



Gjenoppretting av skade med betongmur ca. 110 m for begge vassvegane. Gjenoppretting med stadlege masser ca.110 m for begge rasområda.

Bilde viser område for Nordre Bordvassveg.



Nordre Bordvassveg.

Vassvegen er totalskadd i ei lengd av ca. 120 m. Tidlegare oppbygging av vassvegen med naturstein i terrenget er skylt vekk av raset. For å gjenopprette tidlegare vassveg må det murast opp ny vassveg i ei lengd på ca. 120 m.

I området ved Nordre vassveg er det ein del naturstein og lausmasser som kan nyttast til gjenoppretting. Fjellformasjonen er på nokre plasser godt egna for å nytte steinen i området. På det brattaste partiet må det etablerast betongmur som må forankrast godt i fjellet. Det er anslått at det er nødvendig med betongmur i ei lengd av ca. 50 m.

Lausmassar i området kan nyttast til å skjerme betong konstruksjonen på nedsida.

Rasområde ligg høgt til fjells og er ikkje tilgjengeleg med maskinelt utstyr. Alt av materiell til forskaling, armeringsjern og betong må fraktast på plassen med helikopter. For muring av naturstein og flytting av lausmasser må det fraktast opp ei gravemaskin på ca. 3 tonn med helikopter.

Søndre Bordvassveg.

Vassvegen er totalskadd i ei lengd av ca. 100 m. Arealet her er ein del brattare enn vassvegen lenger nord. For å gjenoppbygge vassvegen må det etablerast betongmur i ei lengd av ca. 60 m. Natursteinsmurar på begge sider av betongmuren.

For begge vassvegane er der planlagt oppført betongmur og natursteinsmur.

Betongmuren er planlagt oppført med ei breidde på 0,3 m og ei snitt høgde på 0,6 m. Det må nyttast 16 mm galvanisert kamstål som borast ned i fjellet med cc- 0,5 m. Kamstålet må festast i fjellet med gysemasse. Armering av betongmuren med 12 mm kamstål vertikalt og horisontalt, dobbel armering.

Avkastningsverdi av jordbruksareal:

Bruksverdiberegning:

Fulldyrka jord: 1035,5 da.

Overflatedyra jord: 4,8 da.

Innmarksbeite: 476,2 da.

Utbygd vatningsanlegg sikrer tilgang på vatnings vatn som er heilt avgjerande for å oppnå eit godt avlingsnivå. Lom har lite nedbør i vekstsesongen.

Ein del av eigedommane har tilgang til vatning frå andre vasskjelder med pumping av vatn frå elvar. Dette er ein mykje meir kostbar vatning enn vatning frå Bordvassvegen med naturleg trykk.

Bruksverdi – jordbruksareal – fulldyrka jord til grovforproduksjon.

Produksjonsinntekter:

Verdi av avling 2 haustingar 600 Fem a kr. 4,50 = kr. 2.700,-

Arealtilskot = kr. 420,-

Kulturlandskapstilskot = kr. 285,-

Sum inntekter = kr. 3.405,-

Variable kostnader:

Såfrø = kr. 35,- pr. da.

Fullgjødsel = kr. 475,- pr. da.

Kalk = kr. 50,- pr. da.

Ugrasmiddel = kr. 15,- pr. da.

Ensileringsmiddel, plast = kr. 200,- pr. da.

Andre produksjons kostnader, maskinkostnader = kr. 350,- pr. da.

Variable arbeidskostnader = kr. 350,- pr. da

Sum kostnader = kr. 1.475,- pr. da.

Dekningsbidrag fulldyrka jord = kr. 1.930,- pr. da.

Kapitalisert med 4% gjev dette ein verdi på kr. 48.250,- pr. da fulldyrka jord.

Det totale jordbruksarealet som nyttar seg av Nordre og Søndre Bordvassveg er 1516,5 da. av totalarealet er 1035,5 da. fulldyrka jord.

Dette forsvarer fullt ut kostnadane ved gjenoppretting av skade på Bordvassvegen.

For å oppnå avlingsnivå på 600 Fem pr. da er ein heilt avhengig av å få tilført kunstig vatning av jordbruksarealet.

Totalareal Bordvassvegane

Oppstilling av totalareal av gardsbruk som nyttar vann fra de to Bordvassvegane.
«Bordvassvegen» er den øverste, mens «Søre Bord-Gutubø» er den nederste.

Se bilde fra rasområdet under



Beregning av areal Bordvassvegen

	Gårdsbruk	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Totalareal pr bruk
61/2/0	Nordre Aukrust	42,5 daa	0 daa	18,9 daa	61,4 daa
61/1/0	Nordgard Aukrust	102,5 daa	0 daa	61,4 daa	163,9 daa
61/3/0	Sygard Aukrust	115,8 daa	0 daa	87,5 daa	203,3 daa
64/1/0	Øverbø	57,7 daa	0 daa	32,1 daa	89,8 daa
65/2/0	Øvre Marstein	55,2 daa	0 daa	8,3 daa	63,5 daa
65/1/0	Nordgard Marstein	81,9 daa	0 daa	12,1 daa	94,0 daa
65/3/0	Sygard Marstein	110,3 daa	0 daa	43,2 daa	153,5 daa
66/2/0	Tykket	36,3 daa	0 daa	2,0 daa	38,3 daa
67/1/0	Torekveen	26,7 daa	0 daa	5,4 daa	32,1 daa
68/5/0	Haugen	19,4 daa	0 daa	0,0 daa	19,4 daa
69/2/0	Jordet	24,2 daa	0 daa	0,0 daa	24,2 daa
69/3/0	Lyuengle	37,7 daa	0 daa	0,0 daa	37,7 daa
68/6/0	Andvord nordgard	72,0 daa	0 daa	24,7 daa	96,7 daa
					1077,8 daa

Beregning av areal Søre Bord

	Gårdsbruk	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Totalareal pr bruk
58/1/0	Ner-Krøkje	34,1 daa	0 daa	3,2 daa	37,3 daa
58/4/0	Nordstugun Krøkje	25,1 daa	2,7 daa	20,8 daa	48,6 daa
58/3/0	Sygard Krøkje	30,9 daa	2,1 daa	4,2 daa	37,2 daa
59/1/0	Bø	74,3 daa	0 daa	69,0 daa	143,3 daa
60/1/0	Gutubø	88,9 daa	0 daa	83,4 daa	172,3 daa
					438,7 daa

Totalareal for begge vassvegane	1516,5 daa
---------------------------------	------------

Som grunnlag for kostnadsvurderinga, er prisforholda på skadetidspunktet lagt til grunn, lokale forhold er tatt med i vurderinga. Grunnlaget for kostnadsvurderinga er nødvendige tiltak for å føre skadeobjektet tilbake til same stand som rett før skadetidspunktet. Bruksverdien og den økonomiske avkastning for eigedomen står i høve til kostnaden med gjenoppretting av skadane.

Det er vanskeleg å fastslå avlingsnivået og avkastning utan tilførsel av kunstig vatning frå Bordvassvegen.

Det vert anslått at avlingsnivået vert halvert og kapitalisert verdi pr. da noko meir. Kapitalisert verdi vert sett til kr. 20.000,- pr. da fulldyrka jord.

Det totale arealet som nyttar seg av Bordvassvegen til vatning er på 1035 da fulldyrka jord x kr. 20.000,- pr. da = kr. 20.700.000,-.

Stryn den 09.09.2024

Markane Taksering & Hytter AS

Jostein Vonheim

-takstingeniør-



Arkivsaksnummer: 2023/15640-15

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 13.06.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	22/25	20.06.2025

Breheimen NP - vedtak om retting av bru ved Trulsbu og førehandsvarsel om tvangsmulkt - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 20.06.2025 har Breheimen nasjonalparkstyre gjort følgende vedtak:

- 1.** Med heimel i § 69 fyrst ledd i naturmangfaldlova gjev Breheimen nasjonalparkstyre pålegg om at DNT Oslo og Omegn må rive brua som vart bygd ved Trulsbu sumaren 2024.
 - Brua kan byggjast opp at på plassen som er i tråd med løyvet frå nasjonalparkstyret i sak 9/24 datert 29.02.2024.
 - Dersom dette ikkje er aktuelt med bakgrunn i snømengdene på plassen, kan DNT Oslo og Omegn velje å ikkje bygge opp at brua, og heller etablere ei bru som blir lagt ut og teke inn vår og haust på same plassen som tidlegare.
- a) Alt av materialar og spor etter den nye brua skal fjernast frå plassen der brua står i dag.
- b) Frist for gjennomføring av retting blir sett til: **01.11.2025**. Vi ber om at nasjonalparkforvaltar blir varsla når retting er gjennomført, og at det blir levert dokumentasjon med bilete frå bae plassane.
- c) Statens naturoppsyn Breheimen skal i etterkant gjennomføre tilsyn med at rettinga har skjedd i tråd med vedtaket.
- d) Denne saka blir oversendt til Miljødirektoratet for vurdering av overtredelsesgebyr jf. § 74 i naturmangfaldlova.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

2. Med heimel i § 73 i naturmangfaldlova gjev Breheimen nasjonalparkstyre DNT Oslo og Omegn **førehandsvarsel om tvangsmulkt.**

- a) Eit eventuelt seinare vedtak om tvangsmulkt vil innebære at dersom denne saka ikkje er retta i tråd med punkt 1, 1a og 1b ovanfor, vil det bli kravd tvangsmulkt på kr 500 pr. dag inntil retting har skjedd. Dette varselet er å betrakte som eit førehandsvarsel om tvangsmulkt, jf. § 73 i naturmangfaldlova.
- b) Eit førehandsvarsel i denne samanhengen er ikkje eit enkeltvedtak. Det er derfor ikkje mogleg å klage på varselet. Det blir derimot gjeve ein frist på 14 dagar frå den datoen dette brevet er utsendt for å eventuelt kome med ei uttale om den varsla tvangsmulkta.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- E-post frå hyttetilsyn Breheimen m. bl.a. informasjon om snøforhold Trulsbu. Motteke 19.03.2025.
- Uttale frå hyttetilsyn Breheimen. Motteke 28.10.2024.
- Uttale frå DNT Oslo og Omegn. Motteke 15.10.2024.
- Førehandsvarsel om mogleg pålegg om retting frå Breheimen nasjonalparkstyre. Sendt 14.10.2024.
- E-post frå DNT Oslo og Omegn om at bru er montert på feil lokalitet. Motteke 05.07.2024.
- Vedtak Breheimen nasjonalparkstyre – løyve til utskifting av bru. Styremøte den 29.02.2024. Saksnummer 2023/15640-5
- Meir informasjon om utskifting av bru frå DNT Oslo og Omegn. Motteke 21.02.2024.
- Skjåk allmenning: Vedtak utskifting av bru ved Trulsbu. Motteke 02.02.2024.
- Søknad frå DNT Oslo og Omegn, utskifting av bru ved Trulsbu turisthytte - DNT Oslo og Omegn. Motteke 19.12.2023.

Bakgrunn

I søknad frå DNT Oslo og Omegn datert 19.12.2023 vart det søkt om å få skifte ut eksisterande bru ved Trulsbu i Breheimen nasjonalpark med ei ny bru som kunne stå ute permanent. I e-post datert 21.02.2024 vart det også gjeve tilleggsopplysningar om bl.a. dimensjonering av brua. I følgje DNT Oslo og Omegn skulle den nye brua stå på den same plassen som den gamle.

I Breheimen nasjonalparkstyre sitt styremøte den 29.02.2024 vart det i styresak 9/24 gjort følgande vedtak:

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 29. februar 2024 vedteke å gje DNT Oslo og Omegn:

- 1. Løyve til oppføring av ny bru over elva ved Trulsbu i Breheimen nasjonalpark. Løyvet blir gjeven med heimel i § 3 pkt. 1.3 bokstav c i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.*

Følgjande vilkår gjeld:

- Brua skal plasserast der den førre brua stod. Brua skal være inntil 5,5 meter lang og 0,7 m brei (innvendig). Brukara (opptil dekket) kan vera inntil 113 cm og rekkverkshøgde 1 meter.*
- Materialar og fargeval skal tilpassast på ein slik måte at det går godt til landskapet rundt.*
- Området skal pyntast til og ryddast opp etter at bygginga er avslutta. All overflødig material og utstyr skal fraktast ut av verneområdet etter ferdigstilling av brua.*
- Dersom det viser seg at brua medfører negativ påverknad på verneverdiane i Breheimen kan forvaltningsstyresmakta krevje at brua blir fjerna.*
- Etter at heile prosjektet er gjennomført skal Statens naturoppsyn Breheimen gå over og kontrollere at tiltaket er gjennomført i tråd med nasjonalparkstyret sitt vedtak.*

Det vart i tillegg gjeve løyve til motorisert transport av materialane til brua.

I e-post datert 05.07.2024 frå bygningsinspektør Olav Bergland i DNT Oslo og Omegn til nasjonalparkforvaltar står følgande:

Brua ved Trulsbu ble montert denne uka.

Tilsyn som monterte brua, tok en vurdering på at brua burde flyttes og gjorde dette på stedet på eget initiativ. De grunngav dette med snøforholdene på stedet, som sikkert er fornuftig nok. Brua ble flyttet ca 180-200 meter mot øst.


Dnt beklager at dette ikke ble søkt om på forhånd, og vil om nødvendig komme tilbake med søknad om dette.

For å følgje opp tilbakemeldinga frå DNT Oslo og Omegn, var nasjonalparkforvaltar på synfaring ved Trulsbu den 01.08.2024. Det vart da registrert at den nye brua er plassert 162 meter aust for punktet der det vart gjeve løyve til å plassere brua (sjå kartutsnitt nedanfor). Tiltaket er derfor ikkje i tråd med løyvet som vart gjeve i sak 9/24 i styremøtet den 29.02.2024.

Med bakgrunn i § 16 i forvaltningslova sendte Breheimen nasjonalparkstyre den 14.10.2024 førehandsvarsel om mogleg pålegg om retting av brot på vilkår i sak om oppføring av ny bru ved Trulsbu til DNT Oslo og Omegn (varselbrev ligg som vedlegg til saka). I varselbrevet fekk DNT Oslo og Omegn 14 dagars frist til å kome med uttale i saka. Innanfor tidsfristen vart

det motteke to utalar i saka, ei utale frå DNT Oslo og Omegn og ei uttale frå DNT Oslo og Omegn sitt hyttetilsyn i Breheimen. Uttalene ligg som vedlegg til saka og nasjonalparkforvaltar ber om at uttalane blir lese før styremøtet.

I uttalene vart det bl.a. invitert til synfaring på vinterstid ved Trulsbu for å sjå på snøforholda og plassering av brua. Nasjonalparkforvaltar og Statens naturoppsyn Breheimen skulle delta på synfaringa, og DNT skulle ta kontakt når dei hadde tur innover til Trulsbu i anna ærend. Det vart seinare planlagt synfaring den 24. mars 2025, men DNT avlyste synfaringa pga. dårleg føre og behov for å fokusere på varetransport før påske. Hyttetilsynet leverte i staden eit nytt dokument med bilete over snøforholda ved Trulsbu (dokument ligg som vedlegg til saka).



Kartet viser avvik mellom lokalitet for tidlegare bru og den nye brua som vart oppført i 2024.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

I brev datert 10.03.2025 har Miljødirektoratet delegert myndigheit i følgande paragrafar i naturmangfaldlova til nasjonalparkstyret:

- § 69 fyrste ledd
- § 70 andre ledd
- § 71 fyrste ledd
- § 73 fyrste ledd
- § 73 fjerde ledd

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særegne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Naturmangfaldlova

Angående **retting og avbøtande tiltak** seier § 69 i naturmangfaldlova følgjande:

Myndigheten etter loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven.

Den som ved å overtre loven eller vedtak med hjemmel i loven forårsaker fare for forringelse av naturmangfoldet, skal sette i verk tiltak for å forhindre at slik forringelse skjer. Har forringelsen allerede inntrådt, gjelder plikten hindring av ytterligere forringelse og – om mulig – gjenoppretting av den tidligere tilstand for mangfoldet ved oppsamling, rydding, fjerning, planering eller andre egnede tiltak. Tiltak som i seg selv kan medføre miljøforringelse av noen betydning, skal bare iverksettes etter samtykke av myndigheten etter loven eller pålegg etter første ledd.

Plikten til forebygging, utbedring og gjenoppretting gjelder ikke i den utstrekning det i lys av kostnadene og virkningene av tiltakene, miljøvirkningene av overtredelsen og overtredersens skyld og økonomiske stilling, ville være særlig urimelig.

Tiltak etter denne paragrafen kan gå ut på avlving av fremmede organismer som overtredelsen gjelder, eller tilbakeføring av levende organismer til opprinnelsesstedet.

Angående **tvangsmulkt** seier § 73 i naturmangfaldlova følgjande:

For å sikre at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven blir gjennomført, kan myndigheten etter loven fatte vedtak om tvangsmulkt.

Tvangsmulkt kan fastsettes når overtredelse av en bestemmelse er oppdaget.

Tvangsmulkten begynner å løpe dersom den ansvarlige oversitter den frist for retting av forholdet som myndigheten etter loven har fastsatt. Tvangsmulkt kan fastsettes på forhånd dersom særlige grunner tilsier det, og løper da fra en eventuell overtredelse tar til. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, eller at den forfaller for hver overtredelse. Tvangsmulkt løper likevel ikke dersom etterlevelse er umulig på grunn av forhold som ikke skyldes den ansvarlige.

Tvangsmulkt kan fastsettes som løpende mulkt eller engangsmulkt.

Tvangsmulkt pålegges den ansvarlige for overtredelsen. Er overtredelsen skjedd på vegne av et selskap eller en annen sammenslutning, en stiftelse eller et offentlig organ, skal tvangsmulkten vanligvis pålegges dette. Er tvangsmulkt pålagt et selskap som inngår i et konsern, kan påløpt tvangsmulkt også inndrives hos morselskap.

Departementet kan frafalle påløpt tvangsmulkt. Avgjørelsen regnes ikke som enkeltvedtak etter forvaltningsloven.

Vurdering

I følge nasjonalparkstyret sine vedtekter har styret eit ansvar for å følge opp alle ulovlege forhold i verneområda som styret får kjennskap til. Dette kan eksempelvis vere brot på naturmangfaldlova, brot på verneforskriftene, eller brot på enkeltvedtak eller vilkår i eit løyve som er gjeve.

1. Retting av tiltaket og overtredelsesgebyr

Naturmangfaldlova har reglar knytt til bl.a. retting av forhold som er i strid med lovverket. Nasjonalparkstyret kan derfor krevje at tiltak som er gjennomført i strid med vedtak, vernereglane eller naturmangfaldlova, blir retta. I naturmangfaldlova § 69 fyrste ledd står følgjande om ulovlege forhold: *Myndigheten etter loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven.*

Som nemnt ovanfor under «Bakgrunn» fekk DNT Oslo og Omegn løyve til å setje opp ny bru ved Trulsbu etter behandling av søknad i styremøte den 29.02.2024. Ut frå køyrerapport ser det ut til at materialane til ny bru vart køyrt inn til Trulsbu med snøskuter den 26.03.2024. I uttalane som er motteke står det at det vart gjort snømålingar der brua skulle plasserast på dette tidspunktet, og slik nasjonalparkforvaltar forstår er det desse snømålingane som dannar grunnlag for det som skulle skje seinare i denne saka. Fyrste veka i juli 2024 vart arbeidet med å setje opp den nye brua starta, og den 05.07.2024 fekk nasjonalparkforvaltar beskjed om at arbeidet var utført, men at brua var oppført på ein annan plass enn det løyvet tilsa.

Frå transporten av materialane vart gjennomført, og snømålingane vart gjort, er det ein tidshorisont på 14 veker. I denne saka er det graverande at DNT Oslo og Omegn ikkje tek kontakt med forvaltningsmyndigheita i løpet av desse 14 vekene, dersom dei meiner at plassen dei har søk om oppføring av bru på ikkje held mål. Ut frå uttalane ser det også ut til at den endelege avgjersla om å endre plassering av brua blir teke på staden når feltpersonellet står ved Trulsbu og skal setje opp brua. Søkje om å få byggje bru ein plass, for så å bygje brua ein heilt anna plass er ikkje ein bra framgangsmåte. Nasjonalparkforvaltar er heilt sikker på at dette vart gjort i beste meining av feltpersonellet til DNT Oslo og Omegn, men slike endringar må gjerast i tråd med eit regelverk og god forvaltningsskikk. Dersom slike ting oppstår forventar forvaltningsmyndigheita at arbeidet stoppar opp og at det blir teke kontakt, sjølv om det er dårleg dekning for mobiltelefon på staden der tiltaket skal gjennomførast.

Ei slik sak som dette kan få ein stor presedensverknad for kva som er ok og ikkje i verneområda. Dersom både DNT Oslo og Omegn og andre aktørar i verneområda skulle kunne gjere slike endringar utan løyve vil det bli ein uholdbar situasjon. Nasjonalparkforvaltar meiner at saka må behandlast på ein slik måte at ein ikkje kjem i situasjonar der det blir vanleg at tiltakshavar søker om ein ting, for så å gjere noko heilt anna, og til slutt be om tilgjeving, og at byggverket blir ståande på en helt anna plass enn det som vart gjeve løyve til i utgangspunktet.

Plassen der brua låg tidlegare, og der DNT Oslo og Omegn søkte om å få byggje ny bru, ligg berre 45 meter frå husveggen på Trulsbu. Denne plassen er litt kupert og skjerma for omgjevnadene. Ei slik type bru på denne plassen vil ikkje bli synleg og dominerande i terrenget. Dersom snømengda her er eit problem bør ein kanskje vurder å ha ei bru som blir lagt ut og teke inn som tidlegare. Plassen der brua vart bygd sumaren 2024 ligg midt i dalføret og ligg meir opent til, og brua blir meir synleg og dominerande. Brua er oppført ca. 175 meter frå husveggen på Trulsbu. I dette området er det lite tilrettelegging og området ber preg av veldig lite bruk. Etter nasjonalparkforvaltar sitt syn er denne passeringa mindre egna og installasjonar bør samlast mest mogleg i eit slik område. Overnattingstal frå Trulsbu om sumaren viser også at området er lite brukt:

2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
79	70	37	29	76	57	54	59



Plassering ny bru 2024.

Nasjonalparkforvaltar meiner derfor at den nye brua må fjernast frå plassen der ho står i dag, og eventuelt byggjast opp at der DNT Oslo og Omegn søkte om og fekk løyve til oppføring av bru. Dersom DNT Oslo og Omegn meiner at det er for mykje snø for denne type bru på denne plassen kan det som nemnt tidlegare eventuelt byggjast ei bru som blir lagt ut og teke

inn vår og haust. Dersom DNT Oslo og Omegn vil vurdere andre løysningar med bru på denne plassen må dette diskuterast med forvaltningsmyndigheita før tiltaket blir gjennomført.

Nasjonalparkstyret kan også vurdere om brot på vilkår eller lovverk skal sendast til Miljødirektoratet for vurdering av overtredelsesgebyr:

Overtredelsesgebyr kan gis for overtredelser i verneområder etter nærmere regler i naturmangfoldloven § 74. Forvaltningsloven kap. IX har generelle regler om bruk av overtredelsesgebyr som supplerer naturmangfoldloven § 74.

Overtredelsesgebyr er en administrativ sanksjon, men regnes som straff etter Den europeiske menneskerettskonvensjon. Overtredelsesgebyr er et alternativ til å politianmelde en ulovlig handling. Overtredelsesgebyr kan ilegges i tillegg til forvaltningstiltak som stans, retting og tvangsmulkt.

Bruk av overtredelsesgebyr skal bidra til å skape respekt for regelverket og ilegges ut fra individual- og allmennpreventive hensyn. Overtredelsesgebyr skal brukes på overtredelser som isolert sett vurderes som mindre alvorlige.

Med bakgrunn i sakens karakter meiner nasjonalparkforvaltar at det er naturleg at saka blir sendt over til Miljødirektoratet for vurdering av overtredelsesgebyr.

2. Førehandsvarsel om tvangsmulkt

Nasjonalparkstyret kan også vurdere om brot på vilkår eller lovverk skal meldast til politiet. Andre verkemiddel kan også vurderast, og nasjonalparkstyret kan mellom anna gjere vedtak om tvangsmulkt for å sikre at eit eventuelt pålegg om retting blir gjennomført.

Nasjonalparkstyret har sjølv moglegheit til å gjennomføre dei gjevne pålegga dersom dette ikkje blir gjort av den ansvarlege (jf. kapittel IX om handheving og sanksjoner i naturmangfaldlova).

I Miljødirektoratets rettleiar om [Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder](#) går det fram at nasjonalparkstyret har fleire verkemiddel gjennom naturmangfaldlova for å sikre gjennomføring av retting i denne samanhengen. I dette tilfellet er det mest naturleg å sjå på § 73 i naturmangfaldlova om tvangsmulkt:

- ***Tvangsmulkt (§ 73)***

Naturmangfoldloven § 73 gir adgang til å fatte vedtak om tvangsmulkt. Tvangsmulkt er en pengebot som kan gis til den som ikke etterkommer et pålegg om retting. Formålet med tvangsmulkten er å legge press på den ansvarlige om å utføre rettingen i samsvar med pålegget. Mulkten kan gis som engangsbeløp som påløper når fristen for å gjennomføre vedtaket er oversittet eller som en løpende mulkt.

Det skal alltid være mulig for den ansvarlige å unngå tvangsmulkten ved å gjennomføre pålegget innen en fastsatt frist. Er fristen i vedtaket utløpt uten at forholdet er rettet, kan tvangsmulkt kreves fra dette og helt frem til rettingen er

gjennomført. Tvangsmulkt løper ikke dersom etterlevelse av pålegget er umulig på grunn av forhold som ikke skyldes den ansvarlige.

Tvangsmulkten kan føles som en bot eller et gebyr, men regnes ikke som straff. Det betyr at det kan ilegges overtredelsesgebyr for ulovligheten som var grunnlaget for krav om retting eller at forholdet kan politianmeldes selv om det gis tvangsmulkt.

Vurderingen av om det skal fattes vedtak om tvangsmulkt bør som hovedregel tas uavhengig av om saken politianmeldelse eller besluttet å følge opp med overtredelsesgebyr.

Nasjonalparkstyret vil i del 1 av denne saka fatte vedtak om retting etter § 69 i naturmangfaldlova. I denne saka er det naturlig å vurdere tvangsmulkt med fortløpende mulkt etter § 73 i naturmangfaldlova dersom ikkje rettinga blir gjennomført. Dette er eit godt egna verkemiddel får å sikre at retting av tiltaket faktisk blir gjort innan utgangen av tidsfristen. Tvangsmulkt er ikkje rekna som straff og det skal alltid vere mogleg for den ansvarlege å unngå tvangsmulkta. Tiltakshavar har rikeleg tid til å gjennomføre retting av det ulovlege tiltaket. I liknande saker er det vanleg å bruke ei tvangsmulkt på 500,- pr. dag.

Før det eventuelt blir gjort vedtak om tvangsmulkt skal den personen/firmaet dette gjeld ha eit førehandsvarsel om eventuell tvangsmulkt. Den ansvarlege skal ha varsel om kva som må gjerast for å unngå at tvangsmulkta trer i kraft. I tillegg skal det gjevast anledning til å kome med ei uttale med bakgrunn i varselet om tvangsmulkt, og frist for uttale er sett til 1 – 2 veker. Størrelsen på tvangsmulkta blir fastsett etter ein konkret vurdering, men må setjast tilstrekkeleg høgt slik at ein får den ønska effekten. Nasjonalparkforvaltar vil anbefale at sjølvve vedtaket om tvangsmulkt blir vedteke på neste styremøte i september slik at tvangsmulkta blir iverksett når tidsfristen (01.11.2025) går ut.



Arkivsaksnummer: 2023/15640-2

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 22.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	9/24	29.02.2024

Breheimen nasjonalpark - Utskifting av bru ved Trulsbu turisthytte - motorferdsel - snødekt mark - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 29. februar 2024 vedteke å gje DNT Oslo og Omegn:

1. Løyve til oppføring av ny bru over elva ved Trulsbu i Breheimen nasjonalpark. Løyvet blir gjeven med heimel i § 3 pkt.1.3 bokstav c i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Følgjande vilkår gjeld:

- Brua skal plasserast der den førre brua stod. Brua skal være inntil 5,5 meter lang og 0,7 m brei (innvendig). Brukara (opptil dekket) kan vera inntil 113 cm og rekkverkshøgde 1 meter.
- Materialar og fargeval skal tilpassast på ein slik måte at det går godt til landskapet rundt.
- Området skal pyntast til og ryddast opp etter at bygginga er avslutta. All overflødig material og utstyr skal fraktast ut av verneområdet etter ferdigstilling av brua.
- Dersom det viser seg at brua medfører negativ påverknad på verneverdiane i Breheimen kan forvaltningsstyresmakta krevje at brua blir fjerna.
- Etter at heile prosjektet er gjennomført skal Statens naturoppsyn Breheimen gå over og kontrollere at tiltaket er gjennomført i tråd med nasjonalparkstyret sitt vedtak.

2. Løyve til transport av materiell med snøskuter til elva ved Trulsbu i Breheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeven med heimel i § 3 pkt. 6.3 bokstav f i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Følgjande vilkår gjeld:

- Transport med snøskuter:
 - Til transportane med snøskuter skal det fortrinnsvis brukast leigekøyrar som er godkjent av Skjåk kommune.
 - Det blir gjeve løyve for inntil 4 turar med snøskuter (1 tur = bruk av 1 snøskuter) frå Sota seter til Trulsbu.
 - Løyvet gjeld fram til og med 20. april 2024, men løyvet gjeld ikkje i helger og på heilagdagdar.
 - Transportane skal avgrensast til det som er strengt nødvendig.
 - Transportane skal gå føre seg med aktsemd for å unngå skade og ulempe for naturmiljøet og dei som utøver friluftsliv i området.
 - Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet. Nasjonalparkstyret skal ha tilsendt køyrebok innan 1. juni 2024.
 - Statens naturoppsyn Breheimen v/Jo Trygve Lyngved tlf, 99240416 skal ha beskjed om når transportane skal gjennomførast.

Vi gjer oppmerksam på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuell løyve etter anna lovverk frå Skjåk kommune og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 29.02.2024

Behandling

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 29. februar 2024 vedteke å gje DNT Oslo og Omegn:

1.Løyve til oppføring av ny bru over elva ved Trulsbu i Breheimen nasjonalpark. Løyvet blir gjeven med heimel i § 3 pkt.1.3 bokstav c i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Følgjande vilkår gjeld:

- Brua skal plasserast der den førre brua stod. Brua skal være inntil 5,5 meter lang og 0,7 m brei (innvendig). Brukara (opptil dekket) kan vera inntil 113 cm og rekkverkshøgde 1 meter.
- Materialar og fargeval skal tilpassast på ein slik måte at det går godt til landskapet rundt.
- Området skal pyntast til og ryddast opp etter at bygginga er avslutta. All overflødig material og utstyr skal fraktast ut av verneområdet etter ferdigstilling av brua.
- Dersom det viser seg at brua medfører negativ påverknad på verneverdiane i Breheimen kan forvaltningsstyresmakta krevje at brua blir fjerna.
- Etter at heile prosjektet er gjennomført skal Statens naturoppsyn Breheimen gå over og kontrollere at tiltaket er gjennomført i tråd med nasjonalparkstyret sitt vedtak.

2. Løyve til transport av materiell med snøskuter til elva ved Trulsbu i Breheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeven med heimel i § 3 pkt. 6.3 bokstav f i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Følgjande vilkår gjeld:

• Transport med snøskuter:

- Til transportane med snøskuter skal det fortrinnsvis brukast leigekøyrar som er godkjent av Skjåk kommune.
- Det blir gjeve løyve for inntil 4 turar med snøskuter (1 tur = bruk av 1 snøskuter) frå Sota seter til Trulsbu.
- Løyvet gjeld fram til og med 20. april 2024, men løyvet gjeld ikkje i helger og på heilagdagane.
- Transportane skal avgrensast til det som er strengt nødvendig.
- Transportane skal gå føre seg med aktsemd for å unngå skade og ulempe for naturmiljøet og dei som utøver friluftsliv i området.
- Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten.

Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet. Nasjonalparkstyret skal ha tilsendt køyrebok innan 1. juni 2024.

- Statens naturoppsyn Breheimen v/Jo Trygve Lyngved tlf, 99240416 skal ha beskjed om når transportane skal gjennomførast.


Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuell løyve etter anna lovverk frå Skjåk kommune og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Vedlegg:




- 1 - Søknad - Breheimen NP - snødekt mark - utskifting av bru ved Trulsbu turisthytte - DNT Oslo og Omegn
- 2 - Meir informasjon om- utskifting av bru ved Trulsbu- Revheim bjelke-bru frå DNT OO
- 3 - Skjåk allmenning : Vedtak utskifting av bru ved Trulsbu

Saksopplysningar

Søknaden er attgjeven under:

Ved Trulsbu har DNT OO en sommerbru som ligger ca 100m vest for Trulsbu turisthytte, hele brua legges ut og tas inn hver sommer. Meget stri elv! Ligger lavt og utsatt til. Er nå trebjelker med løse lemmer. Har ikke rekkverk. Brua er forholdsvis tung å ta av og på for en person, tilsynet klarer å dra den av og på, men det må gjøres til riktig tid.. Brua blir lagret under hytta for vinteren. Blir den ikke tatt inn til riktig tid blir den skadet av enten flom eller snø. Brua ble ødelagt av snø i 2017 og tatt av flom i 2019.



*DNT OO
skifte ut*




*ønsker nå å
denne*

sommerbrua med en mer solid helårbru. Eksisterende sommerbru er krevende og vanskelig å montere. Det er tilsynet på Trulsbu som har ansvar for inn og ut setting av denne brua.

Dette brostedet er velegnet for en solid, enkel og pen 5,5 meter Revheim bjelke-bru av denne typen som vi har bygget flere av, og som kan fraktes inn med snøskuter på vinteren. Brua løftes 1 meter på plassbygde fundamenter av trebukker med trapper. Brua vil bli bygget i vanlig impregnert trelast og forankres i berg på begge landkar. Brua tilpasses terrenget og ferdig bygget kan den avvike noe fra skisse.





DNT OO søker om transport inn av brua med skuter fra Sota og inn til Trulsbu, trase følger stikka løype fra Sota. Det vil være Marius Åboen som også stikker traseen og Rolf Rakstad som er tilsyn på Trulsbu, som vil stå for transporten. Det søkes om 2 turer med 2 skutere med slede. Transporten vil så langt det lar seg gjøre kombineres med stikking og tilsyn på Trulsbu. Og vil utføres når vær å føre er godt nok til transporten.

Olav Berland i DNT Oslo og Omegn opplyste i e-post 21 februar:

«bredden blir ca 70 cm innvendig + knekter og avstivninger.

Høyden på brua og trapper blir tilpasset på stedet, største høyde er anslått til ca 113 cm til dekke + rekkverkshøgda på 100cm.

Grunnen til at vi ønsker å heve brua er pga flom og snølaster, da dette nå er tenkt å være en helårsbru.

Brua ligger nede i ett søkk i terrenget, så den blir lite synlig i terrenget.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta

vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark er all bygging og oppføring av installasjonar forbode i nasjonalparken (jf. § 3 pkt. 1.1). Forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gje løyve til bl.a.:

- *bygging av bruer og legging av klopper* (§ 3 pkt. 1,3 bokstav c i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, er all motorferdsel til lands, på vatn og i lufta under 300 meter frå bakken forbode, jf. §3 pkt. 6.1. Forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gje løyve til bl.a.:

- *bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l.* (§ 3 pkt. 6,3 bokstav f i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det blant anna at hovudregelen ved flytting, ombygging eller oppsetting av nye bruer og klopper er det krav om løyve etter søknad, medan eksisterande bruer kan haldast ved like utan å søkje om løyve. Oppattbygging (t.d. etter naturskade) krev løyve.

Løyve til oppsetting av nye bruer og klopper vil bli gjeve etter søknad når det ligg føre eit dokumentert behov som ikkje på rimeleg måte kan dekkast av andre eksisterande anlegg, og når tiltaket ikkje kjem i strid med verneføremålet. Det blir lagt vekt på om brua er til nytte for stig- og skiløypenettet eller om den kan føre til ferdsel på stader der det ikkje er ønskjeleg.

Opphavleg storleik og utforming på bruer og klopper skal til vanleg vere som før og det skal nyttast naturvenlege materialar. Elles gjeld dei generelle retningslinene som er gjevne innleiingsvis i kap. 3.2 i forvaltningsplanen. Ved handsaming av søknader kan det setjast vilkår om plassering, storleik, utforming, farge, opprydding, eigar og ansvarleg for vedlikehald osv. Det må også føreligge godkjenning frå grunneigar.

I forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark står det m.a. følgande for motorferdsel i forbindelse med transport av utstyr og materialar for vedlikehald av bruer og liknande.:

Det kan gjevast løyve til naudsynt transport til dei føremåla som er nemnde i § 3 pkt. 6.3 i forskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområda, og § 7 i forskrifta for Høyrokampen naturreservat dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet. Det inneber at det m.a. kan gjevast løyve til naudsynt bruk av luftfartøy eller snøskuter for transport av materialar og utstyr som skal nyttast til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer og klopper.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Presedens

DNT Oslo og Omegn er ein aktør som bygger oppunder det enkle friluftslivet i verneområde med vedlikehald av stiar, bruer og hytter, og det er ikkje andre aktørar i området som utfører denne aktivitet. Saka er vurdert som så spesiell at den ikkje vil ha nokon presedens for andre saker. Tiltaket gjeld oppføring av ny bru på same plassen etter fleire tilfelle kor eksisterande bru har blitt øydelagd.

Vurdering

Eksisterande bru ved Trulsbu har blitt øydelagd av snø i 2017 og av flom i 2019, den er også utan rekkverk. Føremålet med bruka har vore ferdsel av besøkande til Trulsbu, og er viktig at er funksjonell då elva er stri, og vanskeleg å krysse. Dagens bru har vore ei sommarbru som har vore tatt inn om hausten og lagt ut om våren. DNT Oslo og Omegn arbeidar med å heve standard på slike bruer i deira virke for å minimere arbeidsmengd og halda seg innan lovverk. Skjåk Allmenning har godkjent søknaden.

Det var mange bruer i Breheimen som ha vorte øydelagde i ulike samanhengar og det er eit mål at desse skal byggjast oppatt. Det er viktig for brukarar av områda i Breheimen at ein har bruløysingar som er varige og stabile for framtida.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt.

Det blir vurdert at oppføring av ei ny bru i dette området ikkje vil påverke verneverdiane i Breheimen nasjonalpark nemneverdig. Her har det stått ei bru før og i så måte vil ikkje dette medføre meir belastning på området enn tidlegare. Samstundes er det viktig å redusere bruken av motorisert ferdsel til det mest nødvendige. Det må takast omsyn til både dyreliv og andre brukarar av området.

Sjølv om den enkelte transporten isolert sett vil påverke naturgrunnlaget i liten grad, må søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning. Prinsippet skal sikre ei heilskapleg vurdering av tiltaket, og kva belastning økosystemet vert utsett for. Dette inneber at tiltaket ikkje skal sjåast isolert, men vurderast saman med den totale miljøbelastninga av andre aktivitetar og tiltak i verneområdet. Bruk av snøskuter har vore akseptert som transportmetode gjennom fleire år, og påverknaden av transporten DNT Oslo og Omegn gjennomfører, i tillegg til anna motorferdsel og ferdsel i området, er vanskeleg å måle. I verneområda er det ei målsetting i forvaltningsplan om å halde motorisert ferdsel på eit minimum. Av den grunn er det viktig at DNT effektiviserer transporten på ein slik måte at det ikkje blir køyrt fleire turar enn det som er strengt naudsynt. Det er også viktig å få gjennomført transportane med snøskuter til tider med lite påverknad på verneverdiane generelt.

I *kvalitetsnormen for villrein* vart Sota sæter definert som eit nytt fokusområde. Tidlegare har aktiviteten ved Sota sæter vore sesongbasert, men i dag er det tilnærma heilårsdrift på DNT-hytta, med bl.a. organiserte turar både sommar og vinter. I kvalitetsnormen står det at aktiviteten ved Sota sæter kan påverke trekkpassasjen frå Sekken og over dalen til Sotflyi, men i tillegg også trekket forbi Illvatnet og arealbruken sørover inn i Luster kommune. Trafikken av folk er i følgje kvalitetsnormen for det meste konsentrert mot Tverrådalen og

Tverråldalskyrkja, i samband med toppturar hele året. Det er viktig at en trekkpassasje blir opprettheldt frå Sota sæter og vestover for at villreinen skal få utnytte dei sørvestre områdene i Breheimen. Ruta frå Sota til Trulsbu om Lundadalen er spesielt sårbar dess seinare på vinteren transporten skjer, p.g.a. fostringsflokkane trekker inn i området for å kalve.

I samband med registrering av områdebruken til villreinen er det registrert at villreinen i Ottadalen sør brukar området mellom Tundradalen og Lundadalen som vinterbeite. I eit møte med Ottadalen villreinnemnd og Ottadalen villreinutval i 2013 vart det bestemt at ein skulle gå over til ein ny trase for å unngå vinterområdet til villreinen. Denne traseen startar på Sota og går inn på Sotflya, vidare ned Herbergsbakkane lengst inne i Tundradalen. Så vidare opp på Steinflya og ned på Holåbreen til Lundadalsvatnet og vidare til Trulsbu. Traseen vart fyrste gong brukt for all køyring til Lundadalen i 2015.

Tilviste transportruter er lagt med tanke på minst mogleg forstyrring av villreinen, men det kan dukke opp villrein i alle område. Førar må derfor ta kontakt med Statens naturoppsyn Breheimen (SNO) før køyringa startar. Dersom det er kjennskap til om det er villrein langs den planlagde køyreruta, kan SNO gje informasjon om dette. Dersom villrein skulle dukke opp er det viktig å vike frå tilvist rute slik at reinen ikkje blir skremt (§§ 8-10). Dersom transporten skjer i samsvar med vilkåra i saken, vil ikkje transporten påverke verneverneverdiane og verneformålet nemneverdig.

Ut frå nåverande vurdering meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er aktuelt å ta i bruk føre-var-prinsippet i denne saka, dersom vilkåra i saka blir følgt. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille vilkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit løyve. Ved bruk av tidsavgrensing på løyve og andre vilkår, gjev dette godt grunnlag for at naturmangfaldet ikkje skal bli nemneverdig belasta. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre miljøforringing, men tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er nødvendig for å sikre at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort, kan tiltakshavar bli pålagt å iverksette tiltak for å rette skaden i ettertid. Det blir lagt vekt på å setja vilkår som regulerer transporten for å unngå eventuell skade på natur og miljø (§§ 9-12).

Ut ifrå ei samla vurdering tilrår nasjonalparkforvaltaren at ny bru kan setjast opp som søkt om. I tillegg kan det brukast snøskuter i tråd med vilkåra i løyvet.



**Breheimen
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk
Almenning), 2690 Skjåk og
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 10
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

DNT Oslo og Omegn
Postboks 7 Sentrum
0101 OSLO

Saksbehandlar Stein Magne Grevrusten

Vår ref. 2023/15640-9 432.3

Dykkar ref.

Dato 07.10.2024

Breheimen NP - 2024 - Varsel om mogleg pålegg om retting av brot på vilkår i sak om oppføring av ny bru ved Trulsbu - DNT Oslo og Omegn

I søknad frå DNT Oslo og Omegn datert 19.12.2023 vart det søkt om å få skifte ut eksisterande bru ved Trulsbu i Breheimen nasjonalpark med ei ny bru som kunne stå ute permanent. I e-post datert 21.02.2024 vart det også gjeve tilleggsopplysningar om bl.a. dimensjonering av brua. I følge DNT Oslo og Omegn skulle den nye brua stå på den same plassen som den gamle.

I Breheimen nasjonalparkstyre sitt styremøte den 29.02.2024 vart det i styresak 9/24 gjort følgande vedtak:

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 29. februar 2024 vedteke å gje DNT Oslo og Omegn:

- 1. Løyve til oppføring av ny bru over elva ved Trulsbu i Breheimen nasjonalpark. Løyvet blir gjeven med heimel i § 3 pkt.1.3 bokstav c i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.*

Følgjande vilkår gjeld:

- Brua skal plasserast der den førre brua stod. Brua skal være inntil 5,5 meter lang og 0,7 m brei (innvendig). Brukara (opptil dekket) kan vera inntil 113 cm og rekkverkshøgde 1 meter.*
- Materialar og fargeval skal tilpassast på ein slik måte at det går godt til landskapet rundt.*
- Området skal pyntast til og ryddast opp etter at bygginga er avslutta. All overflødig material og utstyr skal fraktast ut av verneområdet etter ferdigstilling av brua.*
- Dersom det viser seg at brua medfører negativ påverknad på verneverdiane i Breheimen kan forvaltningsstyresmakta krevje at brua blir fjerna.*

Nasjonalpark	Breheimen
Naturreservat	Høyrokampen
Landskapsvernområde	Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen, Vigdalen

- Etter at heile prosjektet er gjennomført skal Statens naturoppsyn Breheimen gå over og kontrollere at tiltaket er gjennomført i tråd med nasjonalparkstyret sitt vedtak.

Det vart i tillegg gjeve løyve til motorisert transport av materialane til brua.


I e-post datert 05.07.2024 frå bygningsinspektør Olav Bergland i DNT Oslo og Omegn til nasjonalparkforvaltar står følgande:

Brua ved Trulsbu ble montert denne uka.

Tilsyn som monterte brua, tok en vurdering på at brua burde flyttes og gjorde dette på stedet på eget initiativ. De grunngav dette med snøforholdene på stedet, som sikkert er fornuftig nok. Brua ble flyttet ca 180-200 meter mot øst.

Dnt beklager at dette ikke ble søkt om på forhånd, og vil om nødvendig komme tilbake med søknad om dette.

For å følgje opp tilbakemeldinga frå DNT Oslo og Omegn, var nasjonalparkforvaltar på synfaring ved Trulsbu den 01.08.2024. Det vart da registrert at den nye brua er plassert 162 meter aust for punktet der det vart gjeve løyve til å plassere brua. Tiltaket er derfor ikkje i tråd med løyvet som vart gjeve i sak 9/24 i styremøtet den 29.02.2024.



Kartet viser avvik mellom lokalitet for tidlegare bru og den nye brua som vart oppført i 2024.



I følge nasjonalparkstyret sine vedtekter har styret eit ansvar for å følgje opp alle ulovlege forhold i verneområda som styret får kjennskap til. Dette kan eksempelvis vere brot på naturmangfaldlova, brot på verneforskriftene, eller brot på enkeltvedtak eller vilkår i eit løyve som er gjeve.

Naturmangfaldlova har reglar knytt til bl.a. retting av forhold som er i strid med lovverket. Nasjonalparkstyret kan derfor krevje at tiltak som er gjennomført i strid med vedtak, vernereglane eller naturmangfaldlova, blir retta. I naturmangfaldlova § 69 fyrste ledd står følgjande om ulovlege forhold: *Myndigheten etter loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven.*

Nasjonalparkstyret kan også vurdere om brot på vilkår eller lovverk skal meldast til politiet, eller sendast til Miljødirektoratet for vurdering av overtredelsesgebyr. Andre verkemiddel kan også vurderast, og nasjonalparkstyret kan mellom anna gjere vedtak om tvangsmulkt for å sikre at eit eventuelt pålegg om retting blir gjennomført. Nasjonalparkstyret har sjølv moglegheit til å gjennomføre dei gjevne pålegga dersom dette ikkje blir gjort av den ansvarlege (jf. kapittel IX om handheving og sanksjoner i naturmangfaldlova).

Varsel om mogleg pålegg om retting av brot på vilkår!

- Med bakgrunn i § 16 i forvaltningslova får DNT Oslo og Omegn med dette førehandsvarsel om mogleg pålegg om retting i denne saka. Plassering av brua som vart bygd aust for Trulsbu i 2024 er ikkje i tråd med gjeldande løyve. Eit mogleg pålegg om retting kan føre til at brua må rivast, og byggjast opp at på plassen som er i tråd med løyvet frå nasjonalparkstyret i sak 9/24 datert 29.02.2024.
- Frist for gjennomføring av retting kan bli sett til: 15.07.2025.
- Frist for uttale med bakgrunn i førehandsvarsel om mogleg pålegg om retting: 28.10.2024.

Med helsing

Edel Kveen
styreleiar
Breheimen nasjonalparkstyre

Stein Magne Grevrusten
nasjonalparkforvaltar Breheimen

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

**14.10.2024****Uttalelse med bakgrunn i forhåndsvarsel om mulig pålegg.**

DNT Oslo & Omegn søkte 19/12 2023 om å etablere en helårsbru ved Trulsbu. Brua var ment å erstatte eksisterende sommer-bru og skulle stå på samme plassen som den gamle.

Brua ble kjørt inn rett etter påske 2024 og montert av tilsyn i uke 27. Tilsynene rapporterte inn at brua da ble montert, men de opplyste også om at de hadde på eget initiativ endret plassering av brua.

Dette er dessverre ikke i tråd med løyve gitt av Breheimen nasjonalparkstyre. Dnt Oslo & Omegn varslet derfor om denne endringen i e-post den 5/7 til Breheimen Nasjonalparkstyre og til grunneier Skjåk Almenning.

Tilsynene ble kontaktet og de redegjorde for at de hadde gjort snømålinger ifm innkjøring av brua og at de ved monteringen i uke 27 hadde tatt en avgjørelse på at de flyttet brua pga målte snømengder ved eksisterende brusted. Etter Deres mening er det nye brustedet bedre egnet, da snøforholdene her er slik at det ikke legger seg så mye snø her.

DNT Oslo & Omegn stoler her på lokal kunnskapen om snøforholdene. Det er som kjent store snømengder lokalt i Breheimen. Kommende vinter vil og kunne si noe om snøforhold og hvordan brua klarer seg. Vi ønsker derfor en befaring her vinters tid og om snøforhold og bru ser bra ut, foreslår Dnt at brua blir stående.

Skjåk Almenning har i sitt svar på e-posten 5/7 uttrykt at flyttingen av brua er ok for dem.

Dnt Oslo & Omegn har tidligere i søknad redegjort for behovet. Det er sein vår i området og tilsynet har en krevende jobb med å komme seg inn tidlig på våren for å legge ut en sommerbru. Det er og slik at vår erfaring tilsier at når bruene ikke blir lagt ut tidlig nok, forekommer det noen ganger at det utløser redningsaksjoner når turgåere går seg fast pga manglende bruer i vårløsningen.

Vi synes brua har blitt pen, har god frihøyde, og impregnert treverk vil gråne med tida og da gli mere inn i landskapet.

Ta gjerne kontakt hvis noe er uklart, bør utdypes osv.

Med vennlig hilsen

Olav Bergland

Bygningsansvarlig bruer

Mobil: (+47) 91140431

Sentralbord: 22.82.28.00

- **Naturopplevelser for livet!**

DNT Oslo og Omegn

Pb 7 Sentrum, 0101 Oslo

Vurdering rundt plassering av ny heilårsbru ved Trulsbu i Breheimen i juli 2024

På oppdrag frå DNT Oslo og Omegn skulle vi i juli 2024 montere ny heilårsbru som erstatning for den gamle sommerbrua ved Trulsbu

Det har vore utprøvd fleire brutyper her opp gjennom åra, både av tre og aluminium. Felles for dei alle er at dei ikkje tålar påkjenninga av snø gjennom vinteren og dei har derfor vorte øydelagte. Dei siste åra har det vore ei 4,5 meter lang sommerbru her som har vorte utlagt om sommaren og teke inn att om hausten.

Det er tilsynet på Trulsbu som har ettersyn med denne brua, og enkelte år har tilsynet måtte måke snø (i månadsskifte juni/juli) for å finne bruforankringa ved elva. Med værforandringa dei siste åra har vi også opplevd at den har vorte teke av flom, da den ligg så nærme vassoverflata. Det har heller ikkje vore rekkverk på brua, som det bør være over slike strie elver.



Gamle sommerbru



Snømåling mars 2024, ca 3 meter snø

Det vart søkt om ny heilårsbru i desember 2023, som vart godkjent av Nasjonalparkstyret i februar 2024. Nye bruelement vart transportert innover til Trulsbu vinteren 2024, for montering om sommaren.

Snømåling utført i vinter, bekrefter at det ligg omkring 3 meter med snø der sommerbrua låg tidlegare.



Bru transportert i mars, Plassering gamle sommerbru (raud ring)



Bru før montering i juli, Plassering gamle sommerbru (raud ring)



Områdebilde vinter, Raud ring er plassering av heilårsbru



Områdebilde sommer, Raud ring er plassering av heilårsbru

På bakgrunn av utførte snømålingar, erfaring med tidlegare bruer og samanlikning av bilder frå terrenget tatt sommer og vinterstid såg vi etter alternativ plassering av heilårsbrua

Ca 160 meter lenger ned, nedstrøms elva fann vi egna plassering

Her var det fast berg på begge sider og terrenget gjer at brua mest sannsynleg vil stikke opp av snøen gjennom heile vinteren

Vi vektla også at brua ikkje skulle vera dominerande i terrenget, eller vera visande i horisont frå oppstigning frå Lundadalsvatnet

Brua er utført i impregnert materiale som vil gråne raskt og gå i ett med steinurda i området



Plassering ny bru, Sommerbru i bakkant (raud ring)

Brua vart montert 1-4 juli

Det er ikkje mobilsignal ved Trulsbu, slik at DNT Oslo og Omegn vart fyrst varsla om plassering av brua den 5. juli, som i sin tur varsla både Skjåk Almenning og Nasjonalparkforvaltar om dette

Vi har registrert at Skjåk Almenning ikkje har innvending på plassering av brua

I etterkant så ser ein vel at det burde vore utført ei befaringspåkøyring på sommarstid før ein tek bestemmelse om endeleg plassering av slike bruer

Her skjedde alt i løpet av perioden desember 2023 til juli 2024

Tilsynet vil fylgje med brua gjennom vintersesongen 2024/25 i samband med tilsynsturer til Trulsbu, dette vert dokumentert med bilder

Vi håper at den nye heilårsbrua vert ståande og at vår lokalkunnskap og begrunnelser her vert vektlagt

Det er også verd å merke seg at stigen nå er mindre utsett for steinsprang om våren, da den nå går på andre sida av elva frå Trulsbu og ned til brua. Dette går på sikkerheita til turistane



Ny heilårsbru, festa på berg på begge sider



Ny heilårsbru, sett frå oppstigning frå Lundadalsvatnet

Skjåk, 27.oktober 2024

Rolf Rakstad
Marius Åboen

Observasjoner av ny bru ved Trulsbu og der den gamle kloppen lå tidligere, tatt i forbindelse med transport av ved og proviant vinteren 2025

18. februar 2025:



18. februar 2025:



19. mars 2025:



19. mars 2025:



Målt snødybde ved gamle klopp pkt 1: ca 3 meter dybde

Dette er samme dybde som vi målte den 26. mars 2024

19. mars 2025:



Målt snødybde ved gamle klopp pkt 2: ca 3 meter dybde

Dette er samme dybde som vi målte den 26. mars 2024

19. mars 2025:



Målt snødybde ved gamle klopp pkt 3: ca 3 meter dybde

Dette er samme dybde som vi målte den 26. mars 2024

Vår konklusjon er at brua vil stikke opp av snøen der den er plassert i dag, men om den var plassert der den gamle kloppen lå så ville den ligge godt under, ca 2 meter under snøen

Skjåk, 19. mars 2025

**Rolf Rakstad
Marius Åboen**

ST 23/25 Delegerte vedtak /
DS 24/25 Delegert vedtak - dispensasjon - Mørkridsdalen LVO - helikopter -
reparasjonsarbeid - Råsane - Per-Arvid Hauge 2025/4072
ST 24/25 Eventuelt /